



SØKNAD OM VIDAREGÅANDE OPPLÆRING SPESIELT TILRETTELagt FOR
VAKSNE

1. PERSONOPPLYSNINGAR

Namn	Fødselsnummer, 11 siffer	
Adresse	Tlf. privat	Tlf. arbeid
Postnr./poststad	Ev. e-postadresse	
Heimstadkommune		

2. VURDERING AV RETTEN TIL VIDAREGÅANDE OPPLÆRING FOR VAKSNE

Eg har fullført grunnskulen eller tilsvarande ☐

Eg har inga vidaregåande opplæring etter grunnskulen ☐

Eg har gjennomført vidaregåande opplæring etter grunnskulen..... ☐

Dokumentasjon av skulegang

Årstal	Skule	Vedlegg nr.

Dokumentasjon av praksis

Årstal	Praksis	Vedlegg nr.

- For meir dokumentasjon, bruk eige ark.

3. SØKNADEN GJELD

Vidaregåande opplæring spesielt tilrettelagt for vaksne ☐

Kva opplæring / sluttkompetanse ønskjer du? (gje opp kva fag, t.d. allmenne fag, kokk, hjelpepleiar m.v.)

--

Realkompetansevurdering inn mot vidaregåande opplæring ☐

- For nærmare informasjon, sjå rettleiinga.

4. *ANDRE OPPLYSNINGAR* (t.d. ønske om tidspunkt for opplæring, stad, nettbasert tilbod m.v.)

Søknaden sendast til:

e-post: post.forv@vlfk.no
tlf. 57 63 71 63/ 930 14 170

Rettleiing: Hjelp til utfylling av søknaden, rettleiing om dei opplærings-
tilbod og moglegheiter som er og nærare informasjon om realkompetanse-
vurderinga. Ta kontakt og gjer avtale med skulen.

Eg går god for at gjevne opplysningar er rette.

Stad:

Dato:

Søkjaren si underskrift:

INFORMASJON OM RETTEN TIL VIDAREGÅANDE OPPLÆRING FOR VAKSNE

Dette søknadsskjemaet skal nyttast dersom du:

- Ønskjer vidaregåande opplæring *spesielt tilrettelagt for vaksne*.
- Ønskjer å verte *realkompetansevurdert*.

Dersom du vil søkje ordinær vidaregåande opplæring, skal du derimot ikkje bruke dette søknadsskjemaet ved *søknad om inntak*. Du skal då bruke det ordinære søknadsskjemaet med *søknadsfrist 1. mars*. Du har krav på inntak til grunnkurs og vidaregåande kurs på grunnlag av dokumentert realkompetanse. Vi tilrår difor at du kontaktar nærmaste servicesenter for å få ei kartlegging og vurdering av realkompetansen innan søknadsfristen.

Vaksne søkarar med rett til vidaregåande opplæring går framfor søkarar utan rett. Ved inntak til den ordinære opplæringa går ungdom med rett framfor vaksne søkarar.

Opplæringa for vaksne med rett er gratis, men ein må sjølv kjøpe materiell og læremiddel.

RETTLEIING FOR UTFYLLING AV SØKNADSSKJEMA

Nedanfor følgjer rettleiing i høve dei ulike punkta i søknadsskjemaet. Punkta samsvarar med tilsvarande punkt i skjemaet.

1) Vurdering av retten til vidaregåande opplæring for vaksne

Vaksne over 25 år som *har fullført grunnskulen eller tilsvarande*, men som *ikkje har fullført vidaregåande opplæring* har etter *søknad* rett til vidaregåande opplæring.

Legg ved godkjende kopiar av vitnemål/skulegang etter grunnskulen. Dette for at vi skal kunne vurdere om du kjem inn under retten til vidaregåande opplæring for vaksne. Før òg opp arbeidslivspraksis, og legg ved attestar, evt. kursbevis, dokumentasjon på deltaking i organisasjonsliv o.l. Dette vil vere grunnlag for evt. realkompetansevurdering.

2) Søknaden gjeld

Vidaregåande opplæring spesielt tilrettelagt for vaksne

Vaksne som kjem inn under retten til vidaregåande opplæring har rett til ei opplæring som gir studie- eller yrkeskompetanse.

Under punkt 3 A) fører du opp ønska sluttkompetanse:

- Om du ønsker generell eller spesiell studiekompetanse for å kome inn på høgskular og universitet, kan du skrive opp studiekompetanse. Studiekompetanse kan ein oppnå på ulike måtar og servicesenteret vil kunne gi deg nødvendig rettleiing og skissere eit løp mot studiekompetanse.

- Om du ønsker ei yrkesopplæring fram mot fag-/sveineprøve, kan du skrive opp kva yrke/fag du ønsker å utdanne deg til. Døme: Kokk, servitør, omsorgsarbeidar osv..

3) Realkompetansevurdering inn mot vidaregåande opplæring

Realkompetanse omfattar alt du tidlegare har lært i skule, arbeidsliv, gjennom heimearbeid og organisasjonsliv. Du kan få kartlagt og vurdert realkompetansen din inn mot læreplanar i vidaregåande opplæring slik at dette kan telje med i den opplæringa du gjennomfører. Godkjend realkompetanse gjer at du kan få korte ned på opplæringstida. Du treng ikkje lære det du alt kan.

Fylkeskommunen har plikt til å sørge for at vaksne med rett til vidaregåande opplæring får kartlagt og vurdert realkompetansen sin. Servicesenteret syter for at du får hjelp til å få kartlagt realkompetansen og kan elles gi deg meir informasjon om ordninga.

Ønsker du å bli realkompetansevurdert, kryssar du av under punkt 3 B). Forutan godkjende kopiar av vitnemål, treng vi godkjende kopiar av attestar frå betalt eller ubetalt arbeid, etterutdanning, kurs, fritidsaktivitetar (lag og organisasjonar), heimearbeid og anna.

Realkompetansevurderinga er gratis for vaksne med rett.

4) Andre opplysningar

Her kan du t.d. opplyse om du ønsker opplæringa tilrettelagt

- på dagtid, kveldstid eller som helgesamlingar,
- som nettbasert tilbod eller
- som nettbasert tilbod kombinert med samlingar.
- eventuelle andre ønske.